

Yrkes- og karrieredagar for HVS-elevar

Yrkes- og karrieredagane 2009 vert arrangert denne veka, frå tysdag 10. til torsdag 12.november i Herøyhallen og dernest ved Høgskulen i Volda.

Det nye av året er at den tradisjonelle Yrkesmessa vert slått saman med Karrieredagane som er eit satsingsprosjekt i regi av fylkeskommunen i Møre og Romsdal. Samanslåinga vert difor sett på som eit pilotprosjekt for bruk i resten av fylket frå neste år dersom avviklinga vert vellukka. Eit sentralt krav frå fylkeskommunen er at det skal lagast ulike aktivitetar spesielt retta mot 10.-klassene i dei sju kommunane på Ytre Søre Sunnmøre.

Også dei vidaregåande skulane i 7 kommunar – inkludert Herøy vgs – er inviterte til å ta del. Sjølve organiseringa i Herøyhallen får eit litt anna innhald enn den tradisjonelle Yrkesmessa, men det gode arbeidet frå Yrkesmessa skal vidareførast ved at næringslivet er godt representert, samtidig som ein viser aktuelle utdanningsvegar. Høgskulen i Volda vil presentere sitt mangfaldige studietilbod vist i samanheng med vidaregåande utdanning og ulike yrkesgrupper.

Ungdomen i desse aldersgruppene har ulike behov for informasjon og kunnskap. Ein vil difor gjennom til dømes pedagogisk tilrettelegging, førebuing og sjølve gjennomføringa av YK-dagane ivareta dette på best mogleg måte.

Oppgåvene til førebuinga vil vere tilpassa dei ulike klassetrinna.

Ei eiga messeavis er laga, der bedriftene og kommunane annonserer og presenterer seg sjølve. Dei tre dagane skal gi rundt 2600 ungdomar inspirasjon og motivasjon for vidare yrkes- og karriereval.